

Politisk sak: Budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027. Arbeidsdokument 4/23

Innstilling frå finansutvalet til fylkesutvalet

1. Dokumentet «Budsjett 2024 / økonomiplan 2024-27» utgjer det overordna styringsdokumentet for den fylkeskommunale verksemda for åra 2024-27.

2. Driftsbudsjett for 2024 vert vedteke i samsvar med vedlegget til arbeidsdokument 4/23 og endringar som framkjem under. Fylkesdirektør får fullmakt til å justera inntekt og utgift kapitla i tråd med dette.

Økonomiplan 2024-2027 vert vedteken med endringar som framkjem under. Fylkesdirektør får fullmakt til å innarbeide i endeleg dokument

Drift:

Opplæring	2024	2025	2026	2027	Merknad
Auke i ramme	20	20	20	20	Note1
Mobilitet og kollektiv					
Redusert innsparing:					
Bergensområdet, rutejustering, parallelle linjer	24	24	24	24	Note 2
Bybanen , rutejusteringar helg	1	1	1	1	
Ferje Kinsarvik-Utne	16	16	16	16	Note 3
Sunhordlandsruta	12	12	12	12	
Turistrute Hardanger	2	2	2	2	Note 4
Godsbåt Bg/Gulen/Solund/Askvoll	2,5	2,5	2,5	2,5	
Auka driftskostnader Rutepakke 1			84	84	Note 5
Satsing:					
Innfører fleksibel billett buss og bane	22	22	22	22	Note 6
TT ordninga	6	6	6	6	
Studentkort, fjerne aldersbegrensing oppover, buss/bane	2	2	2	2	
Næring					
Styrke næringsforskning	2	2	2	2	
Kultur, folkehelse, inkludering					
Løns og prisjustering av tilskot	4	4	4	4	
Den kulturelle spaserstokken	0,5	0,5	0,5	0,5	
Robin Hood huset	0,2				
Tannhelsehjelp papirlause	0,4				

Kode					Note 7
Tannhelse					
Forprosjekt samlokalisering Årstadvollen	1				
Sum justert ramme	115,6	110	194	194	
Budsjettsaldering					
Belønningsmidlar	23,6				Note 2
Auka bilettinntekter kollektiv	10	15	20	25	
Utbytte kraftverk	10	10	10	10	
Utsett investering og mindre planarbeid	10				Note 8
Redusert konsulentbruk	5				
Redusert reise/kurs	15				Note 9
Bruk av disposisjonsfond	42				Reduserast etter evt. auka midlar frå statsbudsjettet.
Sum	115,6				
Investering					
Gulatinget			22		
Atløysambandet			6	30	
Masfjordsambandet			6	30	
Ladeinfrastruktur Rutepakke 1		100	100		
Aktivitetsanlegg Olsvikåsen	16				
Undervisningsutstyr yrkesfag	20				Prioritert innan investeringsramma

Opplæring:

Note 1: Av desse skal Fagskulen i Vestland sitt budsjett aukast med kr 4 mill.

Innsparing innanfor opplæring gjerast ved å redusere 16,5 mill som følge av justering av ressursar vidaregåande skuler, jamfør RS 50/23. Utfasing av skulepsykolog har verknad i 2024 med 5 mill, med heilårsverknad på 6,5 mill seinare i øk.plan-perioden. 5 mill reduserast ved løyving/justering av grupper.

Viktige tiltak for skulemiljøet/det psykososiale miljøet som miljøkoordinatorar og skulefrukost skal halde fram i minst same omfang som no. Einskildtiltak som vaksine og gratis sanitetsprodukt er det også viktig for ungdom og skal halde fram.

Sektoren skal tilpasse seg endra økonomiske rammer, nye oppgåver gjennom fullføringsreforma og ny opplæringslov, og auke i elevtalet. Det er behov for ein gjennomgang av korleis vi løyser oppgåver og nivå/omfang av desse, for å sikre at opplæringssektoren fornyar og forbetrar seg i tråd med vår eigen temaplan og sentrale føringar.

I kunnskapsgrunnlaget skal ein sjå på nivå/omfang av dei lovpålagte oppgåvene. Det skal også gjennomførast ei konsekvensvurdering for ulike nivå av innsparing. Det er viktig at hovudutvalet er tett kopla på slik at justering av omfang og nivå er godt politisk forankra.

Ungdommane treng god psykisk helsehjelp som treff betre enn den dei får i dag. Fylkesdirektøren vert beden om å legge fram sak om korleis fylkeskommunen kan medverke til å gje ungdom god psykisk helsehjelp, og som kan erstatte psykologteamet som vert fasa ut.

Mobilitet og kollektiv:

Note 2: Kollektivtilbodet er framleis på veg opp etter koronapandemien, og for å få fleire til å ta kollektiv er det avgjerande at rutetilbodet er føreseieleg og attraktivt, og i den samanheng er frekvens heilt avgjerande.

Staten har i miljøløftet heldt tilbake 250 mill i belønningssmidlar til Bergensområdet, dette er midlar ein vil jobba for å få tilbake seinast i 2025. Desse er tenkt nytta til mellom anna auka ruteproduksjon, billegare billetter og betre kollektivtilbod. Det å få folk til å ta kollektiv er eit møysommelig arbeid over lang tid, og viss passasjerane først har gått tilbake til bil, tar det svært lang tid å få dei tilbake til kollektiv. For å unngå at ein risikerer å miste passasjerar tilbake til bil gjennom eit omfattande rutekutt i 2024, som så vert auka tilbake allereie i 2025, så meiner ein det er viktigare å holde oppe frekvens og tilbod gjennom 2024. Spesielt viktig meiner ein det er å oppretthalde ekspressbussane frå omengskommunane inn til Bergen og ekspressbussar i Bergen, då mange av desse allereie i dag har sprengt kapasitet, og finansierer difor å oppretthalda desse, med eingongssmidlar på 24 mill i 2024 (dette er å sjå på som ei forskotering).

Med dei økonomiske utfordringane fylkeskommunen står i, og den manglande balansen i kollektivbudsjettet, er det likevel viktig å sikre at ein nyttar buss og banetilbodet så effektivt som mogleg. Og derfor ser ein mulighet for å spare inn 24 mill gjennom å endre parallelle avgonger, ruter som er lite brukt, skulderproduksjon etc. slik at ein får meir igjen for pengane. Skulle ein likevel få andre inntekter til å oppretthalde/ auke kollektivtilbodet må ein straks komme tilbake til SAMO med sak kor ein kan justere i tråd med andre føresetnadar på inntekter.

I lys av at ein har hatt kritisk sjåførmangel, som framleis ikkje er løyst, er det avgjerande at endringar i rutemønsteret vert gjort i tett dialog med operatørane og deira tillitsvalde. Ein må sikre seg at dette ikkje fører til at (nytilsette) buss- eller bybanesjåførar mister jobben, og slik har motsett verknad på rekruttering, dette kan ein risikere gjennom kutt på spesielt bybanen og i Nordhordland. Men sidan ein framleis manglar sjåførar bør det vere rom for å gjennomføre kutt i Bergensområdet som ikkje fører til nedbemanning.

Note 3: Sambandet vert vidareført. Ein ber fylkesdirektør utgreia redusert helgeproduksjon.

Note 4: Fylkesdirektør vert bedt om å gå i dialog med reiselivsnæringa og andre aktuelle aktørar for å sjå på ei betre samordning av båtrutetilbodet på Hardangerfjorden om sommaren, både med fokus på auka billettinntekter, eit meir saumlaust reiselivsprodukt og tilbod for lokale reisande.

Note 5: Nullutsleppkontraktar innan hurtigbåtar og ferjer er avgjerande for at Vestland skal nå våre klimamål. Ny anbudsfrist for rutepakke 1 (Bergen-Nordfjord og Bergen – Sogn) vert sett til 15.06.24. I budsjettet vert derfor investeringssummen på 200 mill. kr og meirkostnaden på 84 mill. kr som var rekna inn med verknad frå 2026. Dersom det innan den tid er klargjort om ein vil få statleg kompensasjon, vil Fylkestinget halde fast på budet om nullutslepp, viss ikkje vert saka lagt fram for politisk behandling på nytt.

Note 6: Vestland fylkeskommune har forplikta seg til å nå måla i miljøløftet om nullvekst gjennom å bidra til at fleire tar kollektiv framfor personbil. Fleksibel billett er ei viktig satsing som gjer det attraktivt for fleire til å ta kollektivtrafikk i ein post-korona arbeidskvardag. Det å få fleire tilbake til kollektiv er avgjerande for å styrke kollektivtrafikken og hindra rutekutt. Effekten av denne ordninga må evaluerast regelmessig, første gong i juni 2024.

Note 7: 1 mill frå bygningsvern vert omdisponert til Kode

Note 8 : Utsetjinga av store investeringsprosjekt frigjev ressursar i organisasjonen i 2024. Det same gjeld redusert ressursbruk i på planarbeid.

Note 9: Kurs og konferansar skal vera gode, men gjennomførast kostnadseffektivt og/eller digitalt. Reiser til kurs mm reduserast i heile org.

Verbalpunkt

1.Fylkestinget vil understreka at prioriteringar gjort i Regional Transportplan ligg fast og skal gjennomførast. Den økonomiske situasjonen med prisauke, renteauke og behov for å «kjøle ned» gjer at fleire prosjekt får utsett framdrift.

Fylkestinget vil likevel understreke viktigheita av tenelege og trygge kvardagsveggar og bed Fylkesdirektør ha nødvendig framdrift der det også er andre bidreg med finansiering.

For rassikringsprosjekta Fv 49 Tokagjelet, Fv 49 «Poll til Poll» ,Fv 92 Arnafjorden og Fv 5724 Oldedalen må planlegginga framskundas.

Desse prosjekta som har betydeleg samfinansiering, mellom anna med statlege rassikringsmidlar, og prinsippet om at rasmidlar skal brukast til rassikring ligg fast. Prosjekta på fv 49 er også ein del av foreslått «arm til Bergen» og her må ein snarast komme i dialog med Staten om ei samfinansiering.

2.Kollektivtilbodet i distriktet må i større ggrad bestå av fleksible og lokalt tilpassa ruter. Fylkesdirektøren vert bedt om å leggja fram ei heilskapleg sak på korleis ein kan «rulla ut» ei slik ordning .

I samband med innsparingstiltak 2024 skal ein der det vert kutta i rutesamband som er viktige for korrespondanse vurdere å innføre ei enkel ordning for bestillingsskyss. Hovedutvalet skal haldast orientert om kva tiltak som vert foreslått endra.

3. Det er stort behov for å auke kapasiteten på yrkesfag i Bergen. Fylkesdirektøren har fått i oppgåve å greie ut permanente løysingar for yrkesfaglege tilbod og sikre framtidig areal for fagskulen i Vestland , jamfør PS 47/23. Fylkestinget ber fylkesdirektøren prioritere/øyremerke dei avsette planmidlane og auke kapasiteten i utgreiingsarbeidet for å sikre god og rask framdrift.

4. Fagskulen Vestland skal vidareutviklast. Fylkesdirektøren vert beden om å koma tilbake med sak om roller, styring og utvikling av fagskulen Vestland.

5. Fylkestinget ber Fylkesdirektøren koma tilbake med ei sak om å iverksetja eit gjennomgåande IKT-prosjekt i alle avdelingar, der digitalisering og bruk av KI skal gje synlege kostnadsreduksjonar, med vinst frå 2025.

6. Fylkestinget ber Fylkesdirektør i samarbeid med transportnæringa og aktuelle kommunar utarbeide ein overordna plan for ladeinfrastruktur for tunge køyretøy i Vestland. Evt. kostnad vil ein komma tilbake til på eigna måte.

7. Fylkestinget bed utval for kultur, idrett og inkludering arbeida med ei ny ordning for å løfta nynorsken og heidra Jon Fosse med t.d. ein pris eller stipend.

8. Investeringsprogrammet for budsjett /økonomiplan 2023-26 vert lagt ved som ei marginalliste til Budsjett/økonomiplan 2024-27.

9. Det er avgjerande å sikre rekruttering og halde på arbeidskrafta innan tannhelse og fylkestinget ber fylkesdirektøren jobbe vidare med rekrutterings- og stabiliseringstiltak som er igangsatt i 2023. Fylkestinget bevilger 1 mill til et forprosjekt for samlokaliserte arealer for tannhelsetenesta i Bergensområdet/Årstad.

3. Investeringsbudsjettet for 2024 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Investeringar pr sektor	
Bygg og eigedom	1 291 300
Mobilitet og kollektiv	348 000
Fylkesveg	2 926 000
Sum investeringar varige driftsmiddel	4 565 300
Finansiering:	
Kompensasjon mva	572 735
Tilskot frå andre	862 400
Sal av varige driftsmiddel	99 500
Bruk av lån	2 379 628
Sum investeringsinntekter	3 914 263
Overføring frå drift	635 000
Netto avsetjing til eller bruk av bundne inv fond	16 037
Netto avsetjing til eller bruk av ubundne inv ford	
Dekning av tidlegare års udekka beløp	
Sum overføring frå drift og netto avsetjing	651 037
Framført til inndekking seinare år	0

4. Fylkestinget godkjenner nye låneopptak på 2 379,6 mill. kr.

5. Takstane for kollektivtrafikken vert auka med gjennomsnittleg 6,5 %. Takstane for ferje følgjer riksregulativet.

6. Fylkestinget vedtek framlagt budsjettreglement.

7. Fylkestinget godkjenner budsjetttrammene for økonomiplanen for 2024-27. Rammene vert lagt til grunn ved utarbeiding av økonomiplan for perioden 2025-2028.